

ANNONSE

LUSTER    HANDEL    BUTIKK    ØKONOMI OG NÆRINGS LIV

# Denne butikken har hatt stor auke i omsetnaden: - Fantastisk



Gunn Kristin Alme og Marit Einarsrud er veldig nøgde med utviklinga til butikken. Foto: Arkiv

Av Sigrid Nese Thue

Etter at kundane kunne handla utan betening i butikken, har omsetnaden auka.

For abonnentar

– Det er supert. Heilt fantastisk, seier Marit Einarsrud.

Så langt i år har Joker Luster auka omsetnaden med om lag 20 prosent. Berre sist veke opplevde butikken ein auke på 30 prosent i forhold til same veka i fjor.

– Det er heilt strålande. Og det er no framover og i sommar me ventar auke.

### – Det gav oss eit løft

Butikken i Luster vart sjølvbetent i november i fjor. Det betyr at folk kan handla, også når Marit og Gunn Kristin Alme ikkje er tilstades i butikken.

– Me er audmjuke og takknemlege ovanfor alle dei som handlar hjå oss. Det set me stor pris på.



#### LES OGSÅ

**– At to damer med ein liten butikk kan få til dette – det er moro!**



#### LES OGSÅ

**Gunn Kristin og Marit på nytt spor: – Viktig for butikken, men også for bygda**

Dei er ikkje i tvil om at det var rett å gjera butikken sjølvbetent.

– Det var ei stor investering, men det gav oss eit løft. Dette er nok noko som kjem meir og meir, seier Einarsrud.

Fleire andre butikkar i Sogn har gjort det same.

Les også:



LES OGSÅ

**Satsar millionar på fornying: - Det me må gjera for å overleva**



LES OGSÅ

**Handelslekkasje og prispress trugar nærbutikk. Dette kan bli løysinga**

### **Er berre ein alarm unna**

- *Jobbar de meir eller mindre no enn før?*

- Me jobbar meir saman, seier Alme.

- Me er meir effektive og jobbar i lag, i staden for at ein går når den andre kjem. Det er kjekkare.

Butikken er bemanna frå 9-17, men folk kan handla frå 6-23 ved hjelp av sjølvbetening. Butikkdamene er likevel berre ein alarm unna om det skulle vera noko.

- Me kan betena frå mobilane våre der me er.

Og det hender det at dei må. Til dømes ved stikkprøvekontroll, alderskontroll, eller viss nokon ikkje kjem seg inn i butikken.

### **- Nokre har kvidd seg litt**

Tilbakemeldingane dei har fått etter at butikken vart sjølvbetent har vore gode.

- Det har vore einsidig positivt. Det er nokre som har kvidd seg litt, eller ikkje tort å prøva, men når dei har fått hjelp syns dei det er moro, fortel Einarsrud.
- Mange kjem og fortel at no har dei vore første gong åleine i butikken og at det gjekk fint, legg Alme til.

---

ANNONSE

---

Men dei har også opplevd uønskt åtferd i butikken.



**LES OGSÅ**

**La seg på hjul etter tjuvane då butikken vart rundstolen: - Eg vart forbanna**

- Me har hatt nokre tilfelle, men forskjellen no er at me tek dei. Det er ikkje sikkert det er meir no enn før, men no ser me dei fordi butikken er videoovervaka, seier Einarsrud.

- Eg skjønner ikkje at dei torer, seier Alme.

### **- Dei lokale er veldig oppmuntrande**

Tilbake til det positive.

*- Har de opplevd auke fordi det er fleire som handlar på butikken, eller fordi folk kan handla når det passar dei?*

- Det er begge deler. Me har nok fått ei auka kundegruppe, men eg trur og det er fleire som vil prøva butikken vår.

Dei er taknemlege for at bygdefolket har teke så godt i mot det nye tilbudet.

- Særleg dei lokale er veldig oppmuntrande og gjev oss klapp på skuldra.

Framover håpar dei også på litt draghjelp frå kommunen.

### **Søndagsope**

Etter at nettopp Joker Luster sende inn ein søknad om å kunna halda søndagsopen butikk i sommar, sette det i gang ein debatt hjå politikarane om dette er noko dei skal søkja om som turistkommune.

ANNONSE



LES OGSÅ

**Blir det søndagsopne butikkar i Luster? - Viss me skal søkja må me ha med heile kommunen**

- Kommunen må bli samde om dei skal gå for å søkja eller ikkje. Det blir eventuelt ikkje før til neste år, seier Einarsrud.

Men allereie denne sommaren vil Joker Luster har ope nokre søndagar frå juni til august.

- Me har søkt til Statsforvaltaren og fått løyve til å ha ope fem søndagar. Så håpar me det kan bli fast etter kvart.

I framtida håpar dei å kunna halda søndagsope fast.

- Det blir ikkje meir arbeid for oss, så me kan overhalda heilagdagsfreden. Men det ville vore bra for kundane.

### **- Det betyr mykje for heile bygda**

Butikkdamene meiner søndagsopne matbutikkar vil bygda vil ha fleire fordelar.

- Me trur det betyr mykje for heile byda, også Lustrabui, at det er meir aktivitet i bygda. Det var ein innom her ein dag som driv ein overnattingsstad, men som ikkje har mat. Han sa det var bra at me hadde auka tilbod, og at det gjer det lettare å halda på kundane ein dag ekstra når det er råd å få tak mat. Kanskje kan det føra til at folk blir ein dag eller to lenger i Luster, og kanskje er det også sjanse større for at dei kjem att. Det vil vera ein fordel for fleire og det kan vera med å skapa heilårsarbeidsplassar.

ANNONSE

---

- *Blir det tidenes år for Joker Luster?*

- Det blir spennande å sjå.

Les meir om: [Luster](#) [Handel](#) [Butikk](#) [Økonomi og næringsliv](#)



Sogn Avis

Follow Page 19k følgjarar

Se kommentarer

---

Fleire saker

---

# Fekk melding om knust rute og brølande person

---

ANNONSE

---